

# ÅRSMELDING 2017 - TRIVSELSSKOGEN SA

Trivselsskogen SA vart formelt stifta i slutten av august 2015. Laget vart skipa som eit Samvirkeføretak med formålsparagraf å «Tilrettelegge, utvikle og vedlikehalde sentrumsnært turområde med tanke på betre folkehelse. Dette skal m.a. gjennomførast ved opparbeiding av turløyper til Utsikten og Fossen med etablering av plattformer og trapper, klatre og buldrevegg, naturmøteplassar og stinettverk med kvile- og møteplassar samt rydding, skilting og lyssetting. Deler av prosjektet skal tilpassast rørslehemma.»

Styret vart sett saman av Christine Aagård Midthjell (styreleiar), Birte Elin Kjørvik Fossheim, Hans Rasmus Lothe, Gunnar Tomas Nygjerd og Sjur Atle Austrheim. I 2016 kom også Sigmund Ommedal inn i styret.

2017 vart eit særst produktivt år i Trivselsskogen. Det vart laga ferdig vegar og stiar, naturmøtestaden Draumekvila vart utarbeidd med platting og rekkverk, Kjærleiksskogen vart til med klopp og hjartetrapper, og ikkje minst vart sherpatrappene til Utsikten fullført. Sherpaene jobba i Trivselsskogen frå mai til august, og utførte eit imponerende stykke arbeid. Trappesti til Holvikfossen vart og påbegynt og langt på veg ferdig. Arbeidet her vart fullført våren 2018. Og 8. desember sto dagsturhytta på Draumekvila klar – etter ein fantastisk dugnadsinnsats. Den offisielle opninga vart ein folkefest med minikonsert med Good Time Charlie og mykje folk på plass.

Trivselsskogen fekk offisiell status som nasjonalt pilotprosjekt for nærturområde, og i juli kom sjølvaste generalsekretær i DNT Nils Øveraas på besøk og fekk omvisning skogen. Rundturen i Trivselsskogen frå E39, opp til Utsikten og ned att via Holvikfossen er blitt veldig populær, og ein elektronisk teljar frå Vestlandsforskning viser over 23.000 passeringar i perioden juli 2017 til mai 2018. Talet er forventa å ha auka mykje i 2018.

Elles vart det jobba vidare med prosjektering av trapp til Utsikten og utsiktspunkt ved Holvikfossen, og vi valgte å gå vekk frå det opprinnelege fosseteateret og fekk teikna ut ein enklare modell. Det vart utarbeidd nye søknader til tippemidlar og diverse stiftingar. Vi selde andelar for kr 474.000 til bedrifter og private. Det vart oppretta instagramprofil, og emnetaggane #trivselsskogen, #draumekvila og #kjærleiksskogen er særst populære på instagram. Facebooksida har pr november 2018 ca 2.140 fylgjarar.

I 2017 vart det lagt ned eit imponerende dugnadsarbeid og ved årsskiftet var det utført over 2000 dugnadstimar. Vi hadde tre styremøter i 2017, men desto større aktivitet i arbeidsgruppene.

Accountor Gloppen ved Jon Gimmestad har ført rekneskap, levert sjølvmelding og utarbeidd årsrekneskap for 2017. Rekneskapen viser eit negativt resultat på kr 223.122,- som blir dekkja gjennom bruk av eigenkapital. Driftsinntektene er kr 2.149.945 som består i tippemidlar og gåver utanom andelssal. Totale kostnader i perioden er kr 2.373.221, og gjeld i hovudsak utgifter knytt til utført sherpaarbeid, helikoptertransport stein og anna arbeid/materiell levert i skogen. Eigenkapital pr 31.12.17 er på kr 374.152.

Gjennomføringa av prosjektet går fortsatt som planlagt. Det er utført dugnadsarbeid så langt i 2018 til ein anslått verdi av over 900.000 kroner!

Sandane 08.11.2018

_____ Christine Aagård Midthjell Styreleiar	_____ Birte Elin Kjørvik Fossheim Styremedlem	_____ Hans Rasmus Lothe Styremedlem
_____ Gunnar Tomas Nygjerd Styremedlem	_____ Sjur Atle Austrheim Styremedlem	_____ Sigmund Ommedal Styremedlem